



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 9

(2001-2002)

Målbruk i offentlig teneste

*Tilråding frå Kulturdepartementet av 21. desember 2001,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og innhald

Lov av 11. april 1980 om målbruk i offentlig teneste fastset at det minst kvart fjerde år skal leggjast fram ei stortingsmelding om dette temaet. Den førre meldinga vart fremja av regjeringa Bondevik I i desember 1997 og behandla i Stortinget 18. mai 1998, jf. St.meld. nr. 13 (1997-98) og Innst. S. nr. 174 (1997-98).

Meininga med det nemnde lovpålegget er at Stortinget med jamne mellomrom skal få høve til å drøfta korleis det står til med tilhøvet mellom bruk av nynorsk og bokmål i staten, med utgangspunkt i det tilsynsarbeidet Kulturdepartementet har ansvaret for, jf. forskrift av 5. desember 1980 om målbruk i offentlig teneste § 1. Lov og forskrift er trykte som vedlegg 1 til denne meldinga.

Faneparagrafen i mållova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Dei nærmare reglane i lova gjeld likevel berre for statstene-esta, ikkje i kommunar og fylkeskommunar. Regelverket om målbruk i staten kan enkelt sorterast i to delar etter kva prinsipp reglane byggjer på.

Det eine prinsippet kjem til uttrykk ved at det er målforma til eit lågare statleg forvaltningsorgan, ein kommune, ein fylkeskommune eller ein privat part som eit statsorgan må retta seg etter i den skriftlege kommunikasjonen sin med desse. Tilsvarande må eit statsorgan i allment informasjonstilfang som i innhald eller med basis i tenestekrinsen til organet har særleg tilknytning til eit avgrensa geografisk område, retta seg etter den eventuelle fleirtalsmålforma som gjeld for dette området. Kva som ligg i omgrepet «fleirtalsmålform», framgår av § 7 i lova, medan omgrepet «tenestekrins» går fram av § 3 i forskrifta.

Det andre prinsippet går ut på at eit statsorgan som hovudregel skal veksla mellom målformene i allment informasjonstilfang som ikkje er knytt til eit geografisk avgrensa område med fleirtalsmålform, slik at det over tid blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom målformene. For statsorgan som dekkjer heile landet, skal det for tilfang som ikkje gjeld eit geografisk avgrensa område, vera *minst 25 pst.* av begge målformene. Unntaket er at statlege skjema alltid skal liggja føre og vera tilgjengelege i begge målformer, anten i form av parallellutgåver eller som tospråkleg enkeltutgåve.

Meininga med det nemnde kvoteringspåbodet er fyrst og fremst å sikra at den nynorske målforma er godt synleg i staten, slik at ein oppnår ei viss motvekt til den sterke dominansen av bokmål på dei fleste andre språkbruk-sarenaer i samfunnet.

Reglane om målbruk i staten bør helst sjåast i ein større språkpolitisk samanheng, og meldinga frå 1997 hadde eit breiare perspektiv enn det som er strengt nødvendig etter lova. Ho tok opp verksemda i Norsk språkråd, fleire aspekt ved temaet språk og teknologi, og ho drøfta følgjene av den tiltakande

fristillinga av statleg verksemd for reguleringa av tilhøvet mellom bokmål og nynorsk.

Desse og andre språkpolitiske spørsmål vil det vera naturleg å arbeida vidare med innanfor ramma av ei seinare kulturmelding. Vi viser her til at presset på norsk språk og kultur i kjølvatnet av globaliseringa og den teknologiske utviklinga var eit tema som spesielt vart trekt fram da familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i 1999 bad departementet ta til å førebu grunnlaget for ei ny kulturmelding. I den meldinga som no ligg føre, vil dei nemnde spørsmåla berre bli behandla så langt det gjeld status og vidare prosedyre.

Innleiingvis vil departementet likevel skissera nokre overordna språkpolitiske mål og kort drøfta dei generelle rammene for ein samla offentlig språkpolitikk.

1.2 Mål og rammer for språkpolitikken

Den norske språksituasjonen er kjenneteikna av eit rikt mangfald av dialektar, også kalla *målføre*, og av to offisielle variantar av skriftspråket, bokmål og nynorsk. Desse blir kalla *målformer*. Verken omfattande talemålsvariasjon eller det å leva med fleire offisielle skriftmål jamsides er likevel noko særkjenne for dette landet. Det er tvert imot det normale; einspråklege statar er unntaket.

Meir spesielt er det at dei to skriftmåla våre ligg kvarandre så nær, og at den normerte valfridomen innanfor kvar av dei er så stor. Det er heller ikkje vanleg at språkpolitikk har handla så mykje om normering av skriftspråket som her til lands. Det har vore spørsmål om korleis dei to målformene skulle normerast både kvar for seg og i høve til kvarandre. Den vide valfridomen innanfor både bokmål og nynorsk er dels ei følgje av ein medveten politikk for å nærma målformene til kvarandre, eventuelt slik at dei til slutt kunne smelta saman til eit sams norsk skriftspråk.

Tanken på ei slik samansmelting er ikkje lenger aktuell politikk og ikkje vidare tilnærming heller. Dersom ein likevel ser for seg berre eitt norsk skriftmål her i landet, er føresetnaden i røynda ei marginalisering av nynorsk som levande skriftspråk.

Det er eit språkpolitisk mål å hindra ei slik utvikling, *slik at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål.*

Med dei utfordringane vi ser i kjølvatnet av internasjonaliseringa og den teknologiske utviklinga, må vi i tillegg stilla opp som det overordna språkpolitiske målet *å verna og styrkja norsk språk i det heile, slik at både bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonsamfunnet.*

Desse målsetjingane følgjer naturleg av det regjeringa har formulert som ein del av det politiske grunnlaget sitt i Sem-erklæringa. Det heiter her at *Samarbeidsregjeringa vil verna og halda i hevd dei to norske skriftspråka våre og halda fast ved norsk skriftkultur som ein berebjelke i kulturlivet vårt.*

Dette byggjer på den erkjenninga at språk er noko meir enn eit instrument for effektiv kommunikasjon. Det er òg eit organisk uttrykk for ein kultur og

ein identitet som folk og nasjonar verda over kjenner ein naturleg trong til å dyrka og forsvara. I Noreg er bokmål og nynorsk språklege uttrykk for to ulike tradisjonar, to ulike kulturar, som opphavleg stod mot kvarandre og kjempa om nasjonalt hegemoni.

Gradvis er konfliktelementet i desse sosiale og kulturelle motsetnadene nedtona, og bokmål og nynorsk må i dag oppfattast som integrerte delar i ein nasjonal felleskultur, som eit uttrykk for eit kulturelt mangfald som det ville vera eit stort tap å gi avkall på.

Jamvel om tilnærming mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk, må vi rekna med at målformene framleis vil påverka kvarandre på ulike måtar, mellom anna i ordtilfang og ordleggingsmåte. Men den påverknaden det her er tenkt på, vil vera ein funksjon av utviklingstendensar som i liten grad kan styrast av offentlege tiltak. Det går klare grenser for i kva grad språk og språkutvikling er noko som kan og bør dirigerast av offentlege styresmakter i det heile.

Den viktigaste typen av verkemiddel i ein offentleg språkpolitikk vil difor vera avgrensa til å forma rammevilkår av ulike slag som gjer at språket har eit godt jordsmonn å veksa i. Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast, og faren for at norsk som det naturlege bruksspråk blant nordmenn etter kvart vil bli trengd til sides av engelsk innanfor sentrale delar av samfunnslivet, synest i dag å framstå som den største utfordringa. I fleire samanhengar vil nynorsk vera særleg utsett i så måte, fordi dette er den minst utbreidde målforma, og fordi det av den grunn er meir krevjande å sikra gode rammevilkår.

Tradisjonelt har uttrykket *språkvern* vore nytta om det å forsvara eit språk mot det presset som kjem utanfrå, medan *språkdyrking* meir gir assosiasjonar i retning av tiltak for å utvikla språket innanfrå. Begge desse omgrepa er nytta i lov om Norsk språkråd frå 1971, der det i innleiinga heiter at det skal «opprettast et råd for språkvern og språkdyrking». I det fyrste punktet som spesifiserer kva rådet skal arbeida med, finn vi ei tilsvarande todeling, jamvel om det er verneaspektet som kjem mest direkte til uttrykk:

«Norsk språkråd skal verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket.»

Departementet meiner at desse lovformuleringane framleis dekkjer ganske godt det som bør vera innhaldet i ein språkpolitikk for framtida. Det kan likevel hevdast at det ligg noko visst defensivt i uttrykket språkvern, og at språkstyrking vil vera ei betre programerklæring. Skal eit nasjonalspråk som det norske «vernast», må det fyrst og fremst skje ved at språket får utvikla seg slik at det blir i stand til å møte nye utfordringar og nye uttrykksbehov i eit omskifteleg samfunn. I arbeidet i Norsk språkråd er dette omgrepsskiftet i ferd med å slå gjennom, og rådsmøtet i 2001 vedtok ein plan for arbeidet i perioden 2001-2003 som er kalla *Plan for styrking av norsk språk*.

Med denne endringa kan det kanskje seiast at omgrepa språkvern og språkdyrking langt på veg smeltar saman. Likevel bør *språkdyrking* framleis kunna vera eit gangbart uttrykk ved sida av *språkstyrking*. Ved å halda fast ved

språkdyrking vil ein òg kunna leggja til rette for å gi *språkleg kvalitet* ein meir framskoten plass som eit mål å streva mot i den offentlege språkpolitikken.

Arbeidet for styrking av norsk språk må i utgangspunktet byggja på eit føre-var-prinsipp. Samstundes trengst det eit meir systematisk arbeid for å skaffa fram eit best mogleg kunnskapsgrunnlag med tanke på å finna ut meir om kva tiltak som kan vera mest formålstenlege. Truleg er det eit breitt register av tiltak som må til for at det til saman skal gi resultat som monnar. Den handlingsplanen Norsk språkråd har sett i verk for å styrkja norsk språk, og som er spekka med aktuelle tiltak, vil vera ein viktig reiskap i det vidare arbeidet.

Norsk språkråd hadde på årsmøtet i 2001 ei førebels drøfting av behovet for ein eigen språkkommisjon for å sjå på den samla norske språksituasjonen på nytt. Det vart avgjort at saka skulle utgreiast vidare fram til rådsmøtet i 2002. Departementet stiller seg positivt til dei tankane som her ligg til grunn, men finn det ikkje naturleg å vurdera eit slikt spørsmål før den nemnde utgreiinga er gjennomført og behandla.

2 Samandrag

Eit kjernepunkt i reguleringa av tilhøvet mellom bokmål og nynorsk i staten er påbodet om minst 25 pst. av kvar målform i utoverretta informasjonstilfang. Kravet skal sikra at nynorsk blir så mykje brukt at det kan representera ei viss motvekt til den generelle bokmålsdominansen, og må sjåast i ein større språkpolitisk samanheng.

Målet er at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål. Samstundes er det overordna målet å verna og styrkja norsk språk i det heile, slik at både bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonssamfunnet. Det generelle grunnlagsdokumentet i dette arbeidet er den *Plan for styrking av norsk språk* som Norsk språkråd vedtok på rådsmøtet sitt i 2001.

Det forskriftsfesta tilsynet med målbruksreglane vil framleis bli organisert slik at Kulturdepartementet held auge med dei andre departementa, medan Norsk språkråd innhentar og følgjer opp målbruksrapportar frå andre statsorgan.

Det vart brukt noko meir nynorsk i stortingsdokument i åra 1997-2000 sett under eitt enn i perioden før, men framleis var det berre knapt 15 pst. nynorsk rekna etter samla sidetal. Nynorskprosenten blir noko høgare når ein reknar etter talet på dokument, fordi fleire små enn store stortingsdokument kjem på nynorsk. Men slik rekna har det vore ein nedgang frå noko over 25 pst. i åra fram til 1997 til i underkant av 25 pst. i tida etter. Det rapporterte gjennomsnittstalet av andre typar nynorsktekstar enn stortingsdokument har dei seinare åra variert mellom 22 og 25 pst. Dette gjeld talet på tekstar under 10 sider, medan nynorskbruken er klart mindre i større dokument.

For statsorgan under departementsnivået har det registrerte talet på nynorsktekstar under 10 sider gjennomgåande lege på eit noko høgare nivå i perioden frå 1997 enn i åra før, mellom 20 og 25 pst., men det har ikkje vore nokon auke gjennom perioden. For større tekstar var nynorskbruken i underkant av 15 pst. Desse gjennomsnittstala omfattar berre dei statsorgana som leverer rapport slik dei skal. Dei to siste åra var dette om lag 140 av i alt ca. 220 organ, og av desse var det om lag 40 som hadde meir enn 25 pst. nynorsk i små dokument, og berre om lag 25 organ i større dokument.

Siktemålet for tilsynsarbeidet er at alle statsorgana skal oppfylle minstekravet om 25 pst. av kvar målform fult ut. Utforming av konkrete tiltak må ta utgangspunkt i at målbruksreguleringa føreset respekt og godvilje for begge målformer, at all røynsle viser at tilsynsarbeidet nyttar, at særleg fagdepartementa må ansvarleggjerast, at kontrollaspektet i tilsynsarbeidet bør supplerast med fleire positive stimuleringsiltak, at det noverande lovgrunnlaget for målbruk innanfor statsforvaltninga i hovudsak bør stå ved lag, og at det er avgjerande at det framleis er ei plikt for den enkelte tilsette å skriva både bokmål og nynorsk.

På dette grunnlaget vil det bli lagt til rette for ein ny giv for nynorsk målbruk i staten, ikkje ved å ta i bruk negative sanksjonar, men ved eit meir bre-

ispektra sett av verkemiddel, mellom anna med tilbod om hjelp til omsetjing, skriving og språkvask av større dokument. Departementet vil etablera ei språkkonsulentteneste knytt til sekretariatet i Norsk språkråd. Saman med Norsk språkråd vil departementet setja i gang eit treårig satsingsprosjekt der leiarengasjement, nynorskopplæring og etablering av faste rutinar for veksling mellom målformene vil vera sentrale element.

Departementet vil arbeida vidare med spørsmål som gjeld verkeområdet for mållova, tilhøvet mellom språk og teknologi og ei omlegging av Norsk språkråd til eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk og vil koma tilbake til desse spørsmåla i ei seinare generell kulturmelding. Elles vil departementet raskt koma tilbake til Stortinget med framlegg om å oppheva føresegna i lov om Norsk språkråd om å støtta opp under utviklingstendensar som på sikt fører målformene nærmare saman.

3 Rapport om statleg målbruk 1997-2000

3.1 Organisering og gjennomføring av tilsynsarbeidet

I den førre meldinga om målbruk i offentlig teneste, St.meld. nr. 13 (1997-98), vart det gjort greie for at delar av tilsynsarbeidet frå 1994 var overført til Norsk språkråd. Etter dette er det Språkrådet som har hatt ansvaret for å følgja opp målbruken i alle underliggjande statsorgan, medan Kulturdepartementet framleis har tilsynet med departementa.

I Innst. S. nr. 174 (1997-98) gav Høgre sine medlemmer i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen uttrykk for at denne ansvarsdelinga var uheldig, og grunn gav dette med at Norsk språkråd ikkje har rett til å instruera dei organa som skal kontrollerast. Norsk språkråd burde i fyrste rekkje ha som oppgåve å kvalitetssikra målbruken, og det vart foreslått å frita Språkrådet for kontrolloppgåver etter mållova. Ressursane burde i staden nyttast til å auka innsatsen i samband med utfordringane som gjeld norsk språk og IT, meinte desse komitemedlemmene. Dette framlegget vart oversendt regjeringa utan realitetsvotering.

I svaret frå Kulturdepartementet, oversendt Stortinget ved brev av 16. september 1998 frå Statsministerens kontor, vart det vist til at overføringa av tilsynsoppgåver til Norsk språkråd var i samsvar med ei tilråding frå fleirtalet i kyrkje- og undervisningskomiteen i Innst. S. nr. 17 (1992-93). Det heitte vidare at dette arbeidet mellom anna går ut på å innhenta, stilla saman og følgja opp målbruksrapportar frå ca. 220 store og små statsorgan, og at dette er arbeid som ikkje høyrer naturleg heime i eit departement. Derimot fell slike tilsynsoppgåver godt inn i det andre informasjons- og rådgivingsarbeidet Språkrådet utfører, slik at ein også oppnår ein samordningsvinst, samstundes som det inneber ei styrking av tilsynsfunksjonen. Departementet held framleis fast ved desse vurderingane.

I tillegg til rapporterings- og statistikkarbeid med tilhøyrande oppfølging omfattar tilsynet også mykje munnleg og skriftleg informasjon, praktisk rådgiving, svar på spørsmål over telefon og e-post o.l. Viktige aktivitetar for Norsk språkråd i perioden 1997-2000 har vore hjelp med å etablera interne rutinar, informasjon om målbruksreglane gjennom ymse trykksaker, tiltak for å stimulera fleire til å ta kurs i nynorsk forvaltningsspråk og hjelp med å finna fram til språkkonsulentar.

Dei statistiske opplysningane i det følgjande byggjer i hovudsak på eigenrapportering som Norsk språkråd og departementet innhentar ved utgangen av kvart kalenderår. For noko av tilfanget, fyrst og fremst dokument frå regjeringa til Stortinget, byggjer tala på sentral registrering og opteljing. For stortingsdokument blir det registrert både korleis talet på dokument og det samla sidetalet i desse dokumenta fordeler seg på dei to målformene. Ved anna tilfang blir det skilt mellom dokument under og over 10 sider. For dei fyrstnemnde (mindre tekstar) registrerer ein målfordelingane berre på grunnlag av

talet på dokument, for dei sistnemnde (større tekstar) berre etter samla sidetal.

3.2 Målbruk i sentralt informasjonstilfang frå departementa

Ein stor del av det informasjonstilfanget departementa produserer, er proposisjonar og meldingar til Stortinget. Dette utgjer årleg godt i overkant av 10 000 sider.

I det siste heile rapporteringsåret som kom med i den førre meldinga, i 1996, var det sju departement som hadde meir enn fjerdeparten av stortingsdokumenta sine på nynorsk. Men det er som regel dei minste dokumenta som blir skrivne på nynorsk, og rekna i sidetal var det berre tre departement som kom over 25 pst. Dette talet gjeld under eitt for treårsperioden 1994-96. Det er dette som er uttrykk for den reelle nynorskprosenten. Seks departement oppfylte kravet om 25 prosent nynorsk i pressemeldingar, rundskriv, brosjyrar, kunngjeringar, stillingsannonsar o.l.

Statistikken for tida etter 1996 er samla bak i vedlegg 2. Av tabell 2.1 framgår det at den reelle nynorskprosenten i stortingsdokument for perioden 1997-2000 under eitt var 14,4 pst. Til samanlikning var det 11,8 pst. nynorsk i femårsperioden 1992-96. I åra etter 1997 har det derimot vore ein relativ nedgang i talet på stortingsdokument på nynorsk. Etter at over fjerdeparten var på nynorsk i alle åra frå 1995 til og med 1997, har nivået igjen falle under 25 pst. dei siste tre åra, jf. tabell 2.2.

Vel tredjeparten av departementa har gjennomgåande hatt minst fjerdeparten av stortingsdokumenta sine på nynorsk etter 1997, men berre to departement ligg over 25 pst. når vi ser på den reelle nynorskprosenten i perioden. Desse to var Landbruksdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, men Kulturdepartementet, Fiskeridepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet låg tett oppunder 25 pst., jf. tabell 2.3.

Tre departement, Olje- og energidepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Justisdepartementet, skreiv mindre enn 5 pst. nynorsk i stortingsdokumenta sine i den siste fireårsperioden. I tillegg var det fire andre som låg under 10 pst., Barne- og familiedepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Finansdepartementet.

Finansdepartementet hadde likevel svært mykje nynorsk i andre typar tilfang enn stortingsdokument. Når vi summerer talet på dokument av typen stillingsannonsar, pressemeldingar, kunngjeringar, brosjyrar o.l. og ser på kor mange av desse som var på nynorsk, låg Finansdepartementet eit par år tett oppunder 50 pst. Som det framgår av tabell 3, gjeld dette dokument på under 10 sider, medan biletet blir noko annleis når ein reknar ut nynorskprosenten på grunnlag av samla sidetal i alle dokument over 10 sider, jf. tabell 2.4.

Tabell 2.3 viser elles at gjennomsnittleg nynorskprosent rekna etter det rapporterte talet på dokument under 10 sider har variert mellom 22 og 25 dei siste fire åra, og talet på departement med over 25 prosent nynorsk har variert mellom seks og ti. Altså er det gjennomgåande halvparten av departementa som oppfyller det kvantitative minstekravet når vi dømmer etter dei opplysningane dei sjølve rapporterer inn. Ved sida av Finansdepartementet gjeld dette Kommunal- og regionaldepartementet og Kulturdepartementet, dinest Land-

bruksdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og etter kvart også Miljøverndepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Utanriksdepartementet.

Tabell 4 viser at den gjennomsnittlege nynorskprosenten i større publikasjonar frå departementa i perioden 1997-2000 har variert frå 10 til 14. Tilsvarende tal som vart lagde fram i den førre meldinga, viste ein auke frå om lag 8 pst. i 1994 til vel 16 pst. i 1996. Men det vart understreka at desse tala bygde på eit særleg usikkert grunnlag og til dels eit lite talmateriale. Dette er framleis situasjonen. Nokre departement har rapportert mykje tilfang, andre nesten ikkje noko i det heile. Underrapportering kan gi store utslag. Tala er likevel gode nok til å dokumentera at det samla sett står for dårleg til med nynorskbruken i ulike typar av større enkeltdokument.

Lover og forskrifter er ikkje tekne med i det tilfanget som det er gjort greie for ovanfor. I den førre meldinga vart det lagt fram eit oversyn over den kvantitative fordelinga mellom målformene i det meste av det dagjeldande lovverket. Som eit ledd i arbeidet med denne meldinga har departementet gjort ei liknande oppteljing av talet på nye nynorsklover i perioden 1997-2000. Resultatet er vist i tabell 2.5. Endringslover er haldne utanfor. Samla var 15 pst. av dei 78 nye lovene frå denne perioden på nynorsk. Underlagsmaterialet viser at nynorsklovene som regel er mindre omfattande enn gjennomsnittet, og den reelle nynorskprosenten er dermed lågare enn 15 pst.

3.3 Målbruk i sentralt informasjonstilfang frå andre sentrale statsorgan

Figur 2.1 i vedlegg 2 viser at talet på statsorgan som oppfyller kravet om minst 25 pst. nynorsk, har auka noko dersom vi tek utgangspunkt i åra 1994-95. I tida etter 1996 gjeld auken berre dokument på 1-10 sider. Dei to siste åra (1999 og 2000) er det om lag 40 organ som har minst 25 pst. av desse små dokumenta sine på nynorsk. Sidan 1996 har talet på organ med minst 25 pst. nynorsk i større dokument variert mellom 15 og 25.

Jamvel om figuren samla sett viser ein aukande tendens, er det ikkje tale om noka imponerende utvikling, og det høgste talet omfattar ikkje meir enn vel fjerdeparten av alle organ som har levert rapport, og ikkje meir enn knapt ein femtepart når vi også tek med dei organa som ikkje har svara. Denne målemetoden registrerer likevel ikkje eventuell auke nynorskbruk i dei organa som enno ikkje har kome seg over 25-prosentsgrensa.

Figur 2.2 viser samla nynorskprosent for alle dei statsorganana som kvart år har sendt inn rapportskjema. Heller ikkje denne figuren indikerer nokon særleg auke i nynorskbruken etter 1997, men det var ein markert auke for små dokument frå 1996 til 1997, og her har talet på nynorsktekstar lege på eit noko høgare nivå i heile perioden frå 1997 enn i åra før, mellom 20 og 25 pst. For større tekstar var nynorskbruken i underkant av 15 pst. Vi må hugsa at desse gjennomsnittstala ikkje omfattar alle dei aktuelle statsorganana, for det er på langt nær alle som svarar på rapportskjemaet, og svarprosenten er ulik frå år til år. Organana under departementsnivået har også mykje meir varierende storleik, og produksjonen av tilfang som kjem inn under vekslingsregelen i lova, er nok også mykje meir varierende både i type og omfang.

Tabell 2.6 viser at det har vore ein auke i talet på organ som har levert rapport sidan 1994. Dersom dei organa som ikkje rapporterer årleg, og dei nye som kjem til frå år til år, gjennomgåande bruker mindre nynorsk enn dei stabile rapportørane, vil ein auke i talet på respondentar verka negativt på den gjennomsnittlege nynorskprosenten. I så fall har utviklinga vore noko meir positiv enn det biletet ein får i figur 2.2. Til gjengjeld inneber det at samla nynorskprosent kvart enkelt år ville lege lågare dersom ein kvart år hadde hatt tal frå alle statsorgan.

Dei siste åra har det vore lagt særskild vekt på å auka nynorskprosenten i nettsider. Internett spelar ei stadig viktigare rolle i informasjonsformidling, og publisering på nettet er både billig og raskt i høve til papirpublisering. Dermed er det også lettare å retta opp veikskapar i målfordelinga på kort sikt. For rapportåret 2000 var det 83 statsorgan som oppgav nettsider i rapportane. 19 av desse, dvs. knapt fjerdeparten, hadde meir enn 25 pst. nynorsk.

Rapportane omfattar også skjema og blankettar av ulike slag. Desse skal liggja føre og vera tilgjengelege på begge målformer. I 2000 vart det rapportert til saman 2481 skjema. Av desse var 1355 på begge målformer, dvs. i overkant av 50 prosent. 1190 fanst berre på bokmål og 136 berre på nynorsk. Tre organ må nemnast særskilt: Av 864 skjema rapportert av Politiets datateneste i 2000 fanst 685 berre på bokmål. Statens næringsmiddeltilsyn rapporterte 74 skjema, alle berre på bokmål. Statens landbruksforvaltning rapporterte 40 skjema, av desse 36 berre på bokmål. Den nye, førehandsutfylte sjølvmeldinga frå Skattedirektoratet manglar rubrikk for avkryssing av ønskt målform.

Eit problem for seg er altså at det ofte er vanskeleg å få inn rapport frå ein del statsorgan. Når Kulturdepartementet i forskrift er pålagt å føra tilsyn med gjennomføringa av målbruksreglane, og dessutan i lov er pålagt å rapportera om dette til Stortinget kvart fjerde år, må ein leggja til grunn at alle statsorgana har plikt til å levera nødvendige opplysningar og rapportar om eigen målbruk. Dette gjeld sjølv sagt ikkje i mindre grad om departementet har overført tilsynsansvaret til Norsk språkråd. Departementet føreset difor at dei statsorgana som blir namngitte nedanfor, merkjer seg dette, og at dei er særleg nøye med å senda inn rapport kvart år heretter.

Av dei over 200 statsorgana som årleg blir bedne om å rapportera til Norsk språkråd, er det nokre som har større skriftleg publikumskontakt enn andre. Norsk språkråd har såleis plukka ut ei gruppe på 46 direktorat eller direktoratsliknande organ som særleg interessante i så måte, jf. vedlegg 2 tabell 2.7. Av desse har Sjøfartsdirektoratet ikkje sendt inn ein einaste rapport som kunne tabellførast dei fire siste åra, og Noregs geologiske undersøking har berre sendt inn ein noko ufullstendig rapport eitt av åra 1997-2000. Elles har seks direktorat levert rapport eitt av desse åra. Det gjeld Arbeidsdirektoratet, Skattedirektoratet, Rusmiddeldirektoratet, Statens kartverk, Statens institutt for folkehelse og Direktoratet for utviklingshjelp (NORAD).¹⁾

To direktorat har levert rapport berre to av dei siste fire åra. Det gjeld Bergvesenet og Forbrukarrådet.²⁾

¹⁾ I tillegg kjem Luftfartstilsynet, som vart oppretta frå 1. januar 2000.

²⁾ I tillegg kjem Statens jernbanetilsyn, som berre har fått tilsendt rapportskjema for dei to siste åra.

Av dei resterande 36 organa er det ni som har levert rapport tre av dei fire siste åra, medan 25 har levert rapport kvart år.³⁾

Når ein skal vurdera nynorskbruken i dei til saman 34 organa som har levert rapport minst tre av dei siste åra, får ein den beste indikasjonen ved å sjå på gjennomsnittleg årleg nynorskprosent for små dokument. Nynorskbruken i større dokument endrar ikkje biletet nemnande.

Tre organ har rapportert om ein nynorskprosent nær null. Det gjeld Patenstyret, Jernbaneverket og Statsbygg. Seks organ hadde under 10 pst. nynorsk i små dokument. Det er Riksantikvaren, Statens strålevern, Konkurransetilsynet, Statens lækjemiddelkontroll, Kystdirektoratet og Rikstrygdeverket. For dei to siste, Kystdirektoratet og Rikstrygdeverket, må det nemnast at det har vore ein markert framgang i nynorskbruken siste registreringsåret, altså i 2000. Av dei 25 resterande organa var det åtte som låg ein stad mellom 10 og 15 pst. nynorsk i små dokument som eit gjennomsnitt for dei tre eller fire siste åra. Dei fleste av desse hadde òg svært lite nynorsk i større dokument.

Språkbruken ved universitet og høgskolar må reknast som særleg viktig for å synleggjera nynorsken, jf. vedlegg 2 tabell 2.8 og 2.9. Av 25 statlege høgskolar⁴⁾

har Høgskolen på Gjøvik ikkje sendt inn ein einaste rapport i siste fireårsperioden. Høgskolen i Ålesund har rapportert berre eitt år. Av dei andre er det to skolar som ikkje har brukt nynorsk i det heile. Det gjeld høgskolane i Akershus og Narvik. Fem skolar ligg under 10 pst. nynorsk i små dokument. Det gjeld høgskolane i Tromsø, Vestfold, Hedmark, Buskerud og Lillehammer, men sistnemnde hadde mykje nynorsk i større dokument i 2000. Også høgskolane i Bodø, Molde og Sør-Trøndelag har godt under 20 pst. nynorsk i gjennomsnitt i mindre dokument. Høgskolane i Østfold, Finnmark og Harstad har berre rapportert om nynorskbruk eitt enkelt år.

Følgjande universitet og vitskaplege høgskolar har ikkje oppfylt minstekravet om 25 pst. nynorsk nokon av åra 1997-2000, verken i dokument på 1-10 sider eller i større dokument: Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Noregs idrettshøgskole, Noregs landbrukshøgskole, Noregs musikkhøgskole og Noregs veterinærhøgskole.

Andre organ som anten ikkje har levert rapport, eller som ikkje har følgt opp pålegg om å etablere rutinar, og som Norsk språkråd har bedt Kulturdepartementet ta opp med overordna fagdepartementet, er Garantiinstituttet for eksportkreditt, Kompetansesenteret for likestilling, Museet for samtidskunst, Nasjonalt læremiddelsenter, Riksbibliotektenesta og Statens forvaltningsteneste.

Av dei 46 direktorata eller direktoratsliknande organa var det seks som utmerkte seg positivt i perioden 1997-2000. Alle desse hadde gjennomgåande over 25 pst. nynorsk i små dokument. Det gjeld Oljedirektoratet, Statens informasjonsteneste, Fiskeridirektoratet, Riksarkivet, Justervesenet og Arbeidstilsynet.

³⁾ For å få reknestykket til å stemma, må ein ta med dei to organa som det er referert til i dei to førre fotnotene.

⁴⁾ Samisk høgskole ikkje medrekna

Rapportane viser at følgjande ti organ har kome over minstekravet på 25 pst. nynorsk i begge dokumentkategoriar i 2000: Eigarskapstilsynet (KD), Statens medieforvalning (KD), Høgskolane i Nesna, Volda, og Stord/Haugesund (KUF), Universitetet i Bergen (KUF), Noregsnettrådet (KUF), Justervesenet (NHD), Skipsregistra (NHD) og Høgsterett.

Det er elles særleg grunn til å trekkja fram Universitetet i Bergen. Det akademiske kollegiet vedtok 20. mars 1996 interne retningslinjer som tok utgangspunkt i at minst 30 pst. av alt skriftleg materiale skulle vera på nynorsk. Når det gjeld faste publikasjonar, skal minst 30 pst. av stoffet i publikasjonane *På Høyden*, *UiB-magasinet* og *Årbok for Bergen Museum* vera på nynorsk. Årsmeldinga skal vera på nynorsk annakvart år, og minst 30 pst. av pressemeldingane skal skrivast på nynorsk.

For informasjonsmaterieil elles gjorde kollegiet vedtak om at undervisningskatalogen og brosjyren *Studietilbod ved Universitetet i Bergen* alltid skal vera på nynorsk, og at brosjyren *Orientering til nye studenter* og den interne telefonkatalogen alltid skal vera på bokmål. Målform i studiehandbøker vel fakulteta fritt. Målform i nye publikasjonar skal veljast ut frå ei totalvurdering av fordelinga mellom dei to målformene. Dei vedtekne retningslinjene har gjort at Universitetet i Bergen kvart år i tida 1997-2000 har oppfylt kravet om minst 25 pst. av kvar målform.

Også Statistisk sentralbyrå, som fekk negativ omtale i den førre meldinga, kan visa til gode resultat etter at den øvste leiinga ved byrået tok fatt i saka og mellom anna fekk nedsett ei arbeidsgruppe for å retta på tilhøva.

3.4 Anna tilsyns- og regelverksarbeid

3.4.1 Nynorskkompetanse

Norsk språkråd sende i september 2000 ut eit spørjeskjema for å kartleggja nynorskkompetansen i sentrale statsorgan under departementsnivået. 124 statsorgan leverte svar som kunne tabellførast. 28 pst. meinte at dei hadde utilstrekkeleg kompetanse i nynorsk, 6 pst. at dei hadde svært god kompetanse, og 66 pst. at kompetansen var tilstrekkeleg. Dei statsorgana som svarta, hadde til saman ca. 8300 saksbehandlarar eller tilsette med skriftleg utforming som ein del av tenesta. Slik statsorgana sjølve vurderte det, var det 40 pst. av saksbehandlarane som meistra begge målformer. I undersøkinga var «tilstrekkeleg» og «utilstrekkeleg» kompetanse ikkje definert, og å dømme etter den faktiske nynorskbruken kan det vera grunn til å spørja om kravet til tilstrekkeleg kompetanse er vurdert for lågt. Tala er elles ikkje særleg annleis enn resultatata frå ei tilsvarande undersøking i 1994.

274 tilsette har fått opplæring i nynorsk i åra 1997-2000, dvs. eit gjennomsnitt pr. år på 69 tilsette. Tilsvarande gjennomsnittstal frå 1994-undersøkinga var 33. Opplæringsaktiviteten har vore størst i 1997 og 1998, da til saman 196 tilsette fekk opplæring. I 1999 og 2000 har berre 78 tilsette fått opplæring. I åra 1997-1999 var det kvart år mellom 15 og 18 statsorgan som sytte for at dei tilsette fekk opplæring i nynorsk. I 2000 gjekk talet ned til 8. Berre fem statsorgan opplyser at dei har innarbeidd nynorskopplæring i verksemdsplan eller opplæringsplan.

Det er ikkje grunn til å tru at situasjonen har endra seg noko særleg når det gjeld nynorskkompetansen hos dei tilsette i departementa. I den første målbruksmeldinga vart det vist til tentative data som indikerte at tre fjerdedelar av dei tilsette i departementa sjølve meiner at dei er usikre i nynorsk, jf. St.meld. nr. 13 (1997-98) kap. 2.4.4.

Det er Statskonsult som har det formelle ansvaret for å tilby og kunngjera opplæringstiltak i norsk for statstilsette. Nynorskkurs blir arrangerte i samarbeid med Norsk Språkinstitutt. Til vanleg blir det halde to kurs kvart semester, eit grunnkurs og eit oppfølgingskurs.

Vårsemesteret 2001 vart begge desse kursa avlyste grunna for få påmelde. Ifølgje Norsk Språkinstitutt er dette likevel fyrste gongen dei har måtta avlysa. Dei melder generelt om god deltaking, særleg på grunnkurset, men etterspurnaden etter nynorskkurs har likevel vore mindre dei siste åra. Den same tendensen viser tala Norsk språkråd innhenta hausten 2000.

3.4.2 Klage- og tolkingssaker

Dei fleste sakene departementet behandlar i samband med mållova, kan i prinsippet delast inn i to kategoriar, klagesaker og tolkingsspørsmål, men ein del klagesaker kan òg ha tolkingselement i seg og omvendt.

Klager frå privatpersonar gjeld fyrst og fremst tilfelle der dei har fått brev, skjema eller liknande i feil målform. Ved behandlinga av den første språkmeldinga bad fleirtalet i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om at seinare meldingar burde gi eit oversyn over omfanget av slike klager. I perioden 1997-2000 har departementet motteke totalt 58 klager, dvs. i gjennomsnitt 14-15 pr. år. Av dei 58 sakene gjaldt 13 brot på regelen om svar i same målform, jf. § 6 fyrste ledd i lova. Etter oppgåver i St.meld. nr. 53 1991-92 Målbruk i offentlig teneste synest totaltalet for klagesaker tidlegare å ha lege på mellom 15 og 20 i året, men det framgår ikkje kor mange av desse som gjaldt regelen om svar i same målform.

Jamvel om talet på klagesaker har gått litt ned, er det ikkje dermed sikkert at statsorgana har vorte flinkare til å følgja reglane. Dessutan må ein vera klar over at departementet berre ser ein liten del av klagene. Fleire saker blir tekne direkte opp med det organet ein meiner har brote lova, eller med Norsk språkråd eller Noregs Mållag. Norsk språkråd har i perioden 1997-2000 motteke 14 klager. Desse gjeld i hovudsak tilfelle der privatpersonar har fått brev i feil målform.

Hovudgrunnen til at omfanget av klagesaker ikkje er større, er nok at dei fleste nynorskbrukarar ikkje seier ifrå dersom dei mottek brev eller skjema i feil målform. Folk flest klagar ikkje på slikt, og gjer dei det, kan mange lett kjenna at dei berre er til ekstra bry, sjølv om det er tale om ein rett dei har etter lova.

Som det går fram av den første språkmeldinga, har departementet frå og med 1993 følgt opp klagesakene aktivt. Det same gjer Norsk språkråd. Ein ber statsorgana opplysa kvifor lova er broten, kva rutinar organet har, og kva for tiltak som kan setjast i verk for å unngå liknande feil. Ved å halda fram med ei slik aktiv oppfølging av klagesakene, vonar departementet å oppmoda nynorskbrukarar til å seia ifrå når dei blir utsette for brot på mållova.

Krava om veksling mellom målformene gjeld tilfang statsorgana produserer både elektronisk og på papir. Fleire statsorgan har eigne sider på Internett, og det tilfanget som blir lagt ut der, blir også omfatta av reglane i mållova. Det er viktig at ikkje berre ein del av det vekslande tilfanget er på nynorsk, men at også ein del av dei faste tekstane og menyane blir laga på nynorsk, slik at begge dei offisielle målformene er klart synlege på nettsidene.

Det er kome spørsmål frå fleire statsorgan om målbruk i tidsskrift o.l. Tidsskrift, katalogar o.l. frå statsorgan kjem inn under hovudregelen om veksling. Dette gjeld utan unntak for det redaksjonelle tilfanget i publikasjonen. Når det gjeld innsende, signerte innlegg, må ein likevel godta at forfatta- ren avgjer målforma. Det er grunn til å presisera at mållova vil gjelda for tilfang som statsorganet lagar, jamvel om det blir gitt ut på eit eksternt forlag.

4 Mål og tiltak for arbeidet framover

4.1 Grunnlaget for framtidige tiltak

Kravet om minst 25 pst. av kvar målform vart forskriftsfesta i 1988. Likevel er det enno dei færraste statsorgana som kan dokumentera at dei kjem opp i minst 25 pst. nynorsk. I Innst. S. nr. 174 (1997-98) uttalte fleirtalet i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet, at dei kvantitative minstekrava i mållova må oppfyllest. Eit anna fleirtal, alle unnateke Framstegspartiet og Høgre, slo fast at det er eit felles nasjonalt ansvar å sikra og styrkja nynorsk språk. Dette fleirtalet meinte at mållova er heilt sentral for vår evne til å ta vare på kulturarven og identiteten vår.

Av statistikk som vart lagd fram i St.meld. nr. 53 (1991-92), framgår det at nynorskprosenten i departementsrundskriv i tre enkeltår i perioden 1976-1984 låg på 2-5 pst., og i 1990 var komen opp i 11 pst. Talet på stortingsdokument på nynorsk varierte på 1960- og 70-talet mellom 3 og 8 pst. og var på byrjinga av 1980-talet oppe i 10 pst. I 1990 hadde det auka til 17 pst. Og etter det vi veit frå registreringar på 1990-talet, kan vi gå ut frå at den reelle nynorskprosenten var klart lågare enn desse tala. Når det gjeld statsorgan under departementnivået, er det på det reine at nynorskbruken har auka etter at tilsynsarbeidet vart overført til Norsk språkråd.

Vi kan difor slå fast at jamvel om ein enno berre unntaksvis har nådd opp i minstekravet på 25 pst. nynorsk i sentralt informasjonstilfang, er nynorskbruken i staten i dag klart større enn før dette kravet vart forskriftsfesta i 1988. Til gjengjeld har det i denne perioden skjedd ei innsnevring av det som uomtvisteleg blir oppfatta som ein arena for statleg målbruk. I den grad til dømes organisatorisk fristilling av forvaltningsverksemdene også fører til ei språkleg fristilling, vil noko av krafta gå ut av mållova som språkpolitisk og kulturpolitisk verkemiddel. Mange av dei aktuelle verksemdene har såleis vore oppfatta å ha mykje å seia i så måte, fordi dei tradisjonelt har hatt omfattande publikumskontakt over heile landet.

Føresetnaden for å koma fram til ei rimeleg avklaring av kva verkeområde målbruksreguleringa bør ha, er at mållova blir lojalt etterlevd av alle statsorgan som organisatorisk høyrer til innanfor statsforvaltninga. Særleg er det viktig at departementa opptrer som gode føredøme for sine egne underliggjande organ. I denne samanhengen er det ikkje noko anna som er godt nok enn at alle sentrale statsorgan oppfyller minstekravet på 25 pst. av kvar målform fullt ut. Dette er difor siktemålet for tilsynsarbeidet, og det må no gjerast eit krafttak for at dette kan skje. For ordens skyld bør det presiserast at kvart einskilt statsorgan har eit sjølvstendig ansvar, og at dette ansvaret forpliktar uavhengig av intensiteten i tilsynsarbeidet.

Departementet vil her skissera det prinsipielle grunnlaget for arbeidet vidare og for utforming av meir konkrete tiltak:

(1) Mållova er eit avgjerande verkemiddel for å realisera det overordna språkpolitiske målet om å styrkja norsk språk som levande bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, vel å merkja norsk språk definert som summen av to likeverdige målformer som utgjer integrerte delar av ein nasjonal felleskultur. *Dette krev at nynorsk blir brukt i eit omfang som gjer at målforma er godt synleg i det offentlege rommet, og slik at nynorsk kan utvikla seg som eit levande bruksspråk over eit breitt område.*

(2) Reglane i mållova og særleg prinsippet om veksling mellom målformene byggjer dessutan på ein føresetnad om respekt og godvilje for begge målformer, både hos dei tilsette i staten, som skal praktisera reglane, og hos det allmenne publikum. *Følgjeleg er det fyrst og fremst positive verkemiddel og stimuleringsiltak som må takast i bruk for å fremja ein offentlig målbruk i samsvar med lova.*

(3) Det kan registrerast ein markert auke i nynorskbruken i dei periodane og på dei områda der tilsynsarbeidet har vore mest aktivt. I røynda er det sidan 1993-94 oppnådd mykje i høve til ressursbruken. Departementet har ikkje nytta meir enn om lag 40 pst. av eit årsverk på det meste, og Norsk språkråd opplyser å ha nytta eit heilt årsverk i 1999, men har elles ikkje vore oppe i meir enn eit halvt årsverk. *Det er såleis ei grunnleggjande røynsle at tilsynsarbeidet nyttar, og det er ein klar samanheng mellom dei ressursane som blir sette inn i arbeidet, og dei resultatene ein kan visa til.*

(4) Den mest effektive ressursbruken oppnår ein likevel når kvart enkelt organ oppfyller pliktene sine utan kontroll utanfrå. Det bør leggjast vekt på å innarbeida gode og stabile rutinar, slik at omfanget av nynorskbruken ikkje blir så avhengig av tilsynsarbeidet og dei ressursane som til kvar tid kan setjast av til dette. Det er med andre ord *eit klart behov for å ansvarleggjera kvart enkelt statsorgan og særleg dei enkelte fagdepartementa.*

(5) Likevel er det ei grunnleggjande røynsle at tilsynsarbeidet er heilt nødvendig dersom ein skal ha von om at reglane blir etterlevde. Innhenting av rapportar om faktisk målbruk og individuell oppfølging må difor liggja i botnen. I dette er det nødvendigvis eit visst innslag av kontroll, men det omfattar også mykje råd og rettleiing. *Departementet vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for å redusera kontrollaspektet, men føreset at ein auke i tilsynsaktiviteten må skje i form av meir hjelp og rettleiing og andre positive aktivitetar, dvs. at ein tek i bruk eit breiare spekter av verkemiddel enn det ein har kunna gjera dei seinare åra.*

(6) For statstilknytte institusjonar og verksemder utanfor statsforvaltninga kan det vera aktuelt å vurdera eit enklare og mindre omfattande regelsett enn summen av reglane i gjeldande lov og forskrift. Det kan også elles koma på tale å vurdera moglege lovtekniske justeringar. *Departementet ser derimot ikkje behov for større substansielle endringar når det gjeld regulering av målbruken innanfor statsforvaltninga.*

(7) All regulering av statleg målbruk innanfor og utanfor forvaltninga byggjer på den føresetnaden at dei tilsette er i stand til å skriva begge målformene, i alle fall så pass godt at dei ved gjensidig hjelp og om nødvendig med supplerande opplæring kan prestera akseptable tekstar også på sidemålet. *Departementet ser det som ein avgjerande føresetnad for å kunna handheva dei andre målbruksreglane innanfor statsforvaltninga at det framleis skal vera ei plikt etter*

lova at den enkelte tilsette skal bruka både bokmål og nynorsk. Det fundamentet som dette lovkravet i praksis byggjer på, er den obligatoriske sidemålsundervisninga i skolen.

4.2 Ny giv for nynorsk målbruk i staten

I Innst. S. nr. 174 (1997-98) uttalte eit fleirtal i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, alle utanom medlemmene frå Framstegspartiet og Høgre, at det trongst fleire sanksjonsrådgjerdar, og at sanksjonar såg ut til å vera nødvendige både for å få inn rapportar i rett tid og i samband med brot på lova. I brev frå Norsk språkråd av 22. juni 1998 vart det opplyst at styret støtta komitefleirtalet i synet på sanksjonar. Det kan likevel vera noko uklart kva som ligg i sanksjonsomgrepet.

I ein tilleggsmerknad frå to av medlemmene i arbeidsgruppa som har utgreidd verkeområdet for mållova, jf. kap. 5.1, er det vist til at sanksjonar er eit avgjerande verkemiddel i lovverket innanfor til dømes forbrukarpolitikk, miljøpolitikk, i reglane om marknadsføring og i likestillingslova. I merknaden heiter det at Kulturdepartementet snarast bør gå gjennom korleis lova kan endrast på dette området og leggja resultatet fram for Stortinget samstundes med gjennomgangen av rapporten frå arbeidsgruppa.

I brev av 7. desember 2000 frå Noregs Mållag er det også gjort framlegg om innføring av sanksjonar, og Kulturdepartementet blir bedt om å utarbeida eit system for ilegging av administrativt gebyr til vedkomande organ eller verksemd ved brot på lova. Det heiter at dette kan gjelda for enkeltbrot og for manglande oppfyljing av det generelle kvotekravet over ein viss periode, basert på gyldig statistikk.

Departementet kan godt skjønna at både vanskane med å få inn rapportar frå mange statsorgan, og det at mange organ stadig synest å sjå meir eller mindre bort frå målbruksreglane trass i årvisse påminningar, kan gjera sitt til at ein av og til ønskjer at ein i tilsynsarbeidet kunne setja makt bak krava, eventuelt også i form av direkte tvangs- eller straffetiltak. Som nemnt under kap. 4.1 underpunkt (2) har departementet det prinsipielle utgangspunktet at etterlevinga av målbruksreglane fyrst og fremst må sikrast gjennom positive verkemiddel og stimuleringstiltak. Sanksjonar o.l. vil skapa negative haldningar og gå mest ut over den målforma som har den veikaste posisjonen. Den framgangen som trass alt har vore i det statlege måljamstillingsarbeidet, tilseier heller ikkje at det er tid for å eksperimentera med slike verkemiddel.

Departementet finn det difor ikkje aktuelt no å vurdere den typen straffe- eller tvangstiltak som ein lett kan koma til å tenkja på når ordet sanksjonar blir nemnt. Derimot vil mange av dei verkemidla som det kan vera aktuelt å nytta i eit breispektra tilsynsarbeid, innehalda element som vil opplevast som brysame, og som nokon godt kan koma til å setja merkelappen «sanksjonar» på.

Hovudgrepet for å skapa ein ny giv i nynorskbruken i staten må i staden vera å leggja enno større kraft i å utfylla kontrollaspektet med ymse former for støtte- og hjelpetiltak, mellom anna tilbod om hjelp til omsetjing, skriving eller språkvask i samband med utforming av større tekstar og dokument. Det blir

og viktig å leggja tilhøva til rette slik at det blir enklare for dei statstilsette å bruka nynorsk, t.d. ved elektroniske skriveverktøy av ymse slag.

Utgangspunktet for tilsynsarbeidet framover vil altså vera å supplera det som er gjort dei siste åra med eit breiare spekter av verkemiddel, og her leggja stor vekt på tiltak som har karakter av hjelp og støtte, råd og rettleiing. Dette bør sjåast i samanheng med tilbod om språkkonsulenttenester kombinert med målretta opplæringsverksemd. Siktemålet må vera å byggja opp under positive språkhaldningar og leggja vekt på at arbeidet med språket i staten har ein kulturdimensjon ved seg som kjem i tillegg til at det skal ivareta behovet for effektiv kommunikasjon.

Nøkkelen til å oppfylle kravet om minst 25 pst. nynorsk er at det finst instruksbaserte registrerings- og samordningsrutinar internt i det enkelte organet. Det er framleis departementet si vurdering, slik det vart slått fast i den førre språkmeldinga, at om ikkje dette ligg i botnen, nyttar det lite med andre tiltak og planar. I samsvar med det som vart varsla den gongen, og som familie-, kultur- og administrasjonskomiteen slutta seg til i Innst. S. nr. 174 (1997-98), har departementet vurdert om det bør takast inn i forskrifta eit påbod om å etablere slike rutinar.

Departementet har førebels kome til at det likevel ikkje er sikkert at eit nytt påbod er vegen å gå så lenge problemet nettopp er at det ikkje er stor nok respekt for dei krav og påbod som alt finst i regelverket. Det kan likevel koma på tale å vurdere saka på nytt i ein vidare samanheng, det vil i så fall seia i samband med andre justeringar i lov- og forskriftsverket, jf. kap. 4.1. pkt. (6).

Saman med tanken om eit påbod i forskrifta er det elles peikt på behovet for nærmare retningslinjer for korleis dei interne rutine kunne vera. Råd og rettleiing om dette har vore eit sentralt element i det tilsyns- og oppfølgingsarbeidet Norsk språkråd har drive dei siste åra, og det er avgjerande at dette arbeidet held fram.

I brev til departementet av 22. juni 1998 gjorde styret i Norsk språkråd framlegg om at det vart teke inn i § 1 i forskrifta eit punkt om at sentrale statsorgan har plikt til å levera rapport om målbruken innan 31. januar kvart år. Dette har departementet førebels vurdert på same måten som spørsmålet om rutinepåbod, men også rapporteringspåbod kan det bli nødvendig å vurdere på nytt i samband med ei samla regelverksjustering i kjølvatnet av meldinga.

I fyrste omgang vil departementet i staden leggja større vekt på å ansvarleggjera kvart enkelt statsorgan, særleg fagdepartementa. Departementet vil vurdere nærmare ulike tiltak for korleis dette kan gjerast. Det er nødvendig at departementa meir jamleg må gjera greie for sin eigen målbruk. Dermed må dei vera nøyare med å halda eit meir løpande oversyn, noko som i praksis er ein føresetnad for å kunna oppfylle kvotekravet om minst 25 pst. av kvar målform. Ei ansvarleggjering vil vera ein enklare og meir effektiv måte å oppnå resultat på. Slik det til no har fungert, kan mange ha teke for lett på sitt eige ansvar nettopp fordi dei har stolt for mykje på tilsynsfunksjonen.

Det er meir effektiv ressursbruk dersom ein får kvart departementet til å halda jamleg oversyn med sin eigen målbruk i staden for at mykje av oppfølginga blir basert på etterfølgjande kontroll frå eit tilsynsorgan. Dette vil også gjera det enklare å setja saman dei taloppgåvene som skal sendast inn til

tilsynsorganet ved slutten av kvart kalenderår, slik at ein slepp å rekonstruera talmaterialet i ettertid for eit heilt år om gongen. Dermed vil tala også bli meir å lita på.

For at kvart statsorgan skal bli betre til å halda slik kontroll med eigen målbruk, er ikkje minst interne samordnings- og registreringsrutinar ein nøkkelfaktor. I den førre meldinga vart det i samband med dette teke til orde for å innføra elektroniske registreringsskjema. Norsk språkråd har dei siste åra gitt tilbod om elektronisk skjema i samband med dei årlege innrapporteringane, men det er enno ikkje funne ei fullgod løysing for eit system som også kan hjelpa det enkelte organet med å halda meir jamleg kontroll med språkfordelinga gjennom året, og som i tillegg vil kunna forenkla rapport- og statistikkarbeidet. Departementet vil i samråd med Norsk språkråd arbeida vidare med å utvikla eit slikt tilbod.

Departementet og Norsk språkråd vil også halda fram praksisen med ei samla offentleggjering av den årlege målbruksstatistikken. Vi viser til det som vart sagt om dette i den førre meldinga og i merknaden frå fleirtalet i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Innst. S. nr. 174 (1997-98). Statistikken over målbruken i departementa i 2000 med tilhøyrande kommentarar er no å finna på Kulturdepartementet sine nettsider, jf. nettportalen Odin, og er elles send til departementa sjølve.

I den førre språkmeldinga gav departementet uttrykk for at arbeidet med tilleggsopplæring i norsk i statsforvaltninga, i praksis særleg nynorsk, burde gripast an på ein ny måte, mellom anna at det burde vurderast å oppretta ei stilling som opplæringsleiar i Norsk språkråd. Departementet har etter kvart kome til at det er behov for å vurdere nærmare korleis denne opplæringsfunksjonen bør innrettast.

Vurderinga no er at denne funksjonen bør inngå som ein integrert del av tilsynsarbeidet og i større grad enn tidlegare tenkt ha karakter av ei språkkonsulentteneste, slik at opplæringselementet blir nøye knytt til konkret arbeid med utforming av tekstar for statsorgan som har hatt særlege problem med å fylla nynorskkvoten i eigen språkbruk. *Departementet vil difor etablera ei slik konsulentteneste i tilknytning til sekretariatet i Norsk språkråd.* Etter departementet si vurdering vil dette vera eit overlag viktig tiltak og på mange måtar vil innebera ei nyvinning for språkarbeidet i staten.

Det kan her nemnast at ein i det svenske regjeringsapparatet i tjue år har drive ein institusjonalisert form for «språkvård». Fast tilsette språkeksperter granskar særleg lover og forskrifter som skal vedtakast eller endrast, og gir ramar og malar for korleis forfatningstekstar, «betänkanden» og «myndighetsbeslut» m.m. skal utformast språkleg og tekstmessig. Dei gir råd i språkspørsmål og utarbeider rettleiingar og handbøker med vid spreiding hjå statsorgana. Desse «språkvårdarna» medverkar også i opplæring av nyttilsette. Regjeringa har dessutan tilsett den såkalla «Klarspråksgruppen», som har teke over oppgåver etter det nedlagde SIPU («Statens institut för person-utveckling»), og arbeider for betre språkbruk hos styresmakter på statleg, regionalt og kommunalt nivå. Ein viktig profesjonell innsats blir òg gjord av akademisk utdanna språkkonsulentar som er tilsette hos statsorgan, organisasjonar og medium, eller som tilbyr avgrensa utdannings- og granskingsopp-

drag på konsulentbasis. I dag finst om lag 120 aktive språkkonsulentar, og av desse kan henda ein fjerdedel som i hovudsak arbeider i offentlig sektor.

Med utgangspunkt i prinsippa, styrkingstiltaka og justeringane som det er gjort greie for ovanfor, vil departementet saman med Norsk språkråd setja i gang eit satsingsprosjekt over tre år. Siktemålet vil vera at det store fleirtalet av statsorgan ved slutten av prosjektet skal oppfylle målbruksreglane fullt ut. Sentralt i prosjektet vil vera leiarengasjement, nynorskopplæring og etablering av faste rutinar som sikrar at målbruksreglane blir følgde. Norsk språkråd har i samband med førebuinga av denne meldinga utarbeidd eit førebels utkast til ein slikt prosjektbasert innsats. I prosjektet vil det også bli lagt vekt på å systematisera og dra nytte av røynslene frå det språkarbeidet som departement og andre statsorgan har drive i eigen regi.

5 Status i arbeidet med andre språkpolitiske spørsmål

5.1 Verkeområdet for mållova

Etter kvart som tidlegare offentlig verksemd tek nye organisatoriske former, vil målbruksreguleringa som kulturpolitisk instrument få stadig mindre å seia dersom ho heilt skulle avgrensast til å femna om berre den målbruken som skjer innanfor den tradisjonelle forvaltninga.

Rettsleg sett er det i dag uklart i kva grad mållova gjeld for tidlegare forvaltningsbedrifter og forvaltningsorgan som no er fristilte og organiserte som eigne rettssubjekt, likeins for ulike typar verksemd som staten har skipa frå grunnen av på utsida av forvaltninga. Kjenneteiknet for dette konglomeratet av selskap, stiftingar o.l. er at tilknytninga til staten er meir eller mindre klart til stades, sjølv om det ikkje er ein del av forvaltninga i trong meining.

I språkmeldinga frå 1997 vart det lagt til grunn at det trengst eit nytt rettsgrunnlag for å få ei rimeleg avklaring i spørsmålet om plikter til bruk av bokmål og nynorsk i den etter kvart ganske breie gråsona i grenselandet mellom reint statleg og reint privat verksemd. I samsvar med framlegget i meldinga, jf. òg Innst. S. nr. 174 (1997-98), oppnemnde Kulturdepartementet i januar 1999 ei arbeidsgruppe til å sjå nærmare på dette spørsmålet. Rapporten frå arbeidsgruppa vart avgitt sommaren 2000.

Arbeidsgruppa har ikkje kome med eit konkret framlegg til løysing, men har skissert ulike alternativ for å avgrensa i kva grad målbruksreguleringa kan gjerast gjeldande for statstilknytte institusjonar og verksemder av ulike slag. Tanken er at alternative løysingar kan nyttast i ulike tilfelle og eventuelt i ulike kombinasjonar. Dette føreset nærmare vurderingar som grunnlag for eit konkretisert opplegg.

Vanskane med å finna fram til rimelege avgrensingar i gråsona mellom offentlig og privat verksemd gjeld ikkje berre mållova. Tilsvarande spørsmål gjer seg gjeldande også for offentligrettsleg lovgiving meir generelt. Mellom anna er det ein del av mandatet for eit offentlig utval nedsett av Justisdepartementet i desember 1999 å vurdere korleis verkeområdet for lova om offentlig innsyn kan avgrensast i høve til tradisjonell offentlig forvaltning som blir skild ut frå den ordinære forvaltninga.

Grensene treng ikkje trekkjast parallelt for mållova og lova om offentlig innsyn, for lovene har ulikt formål. Likevel kan det vera uheldig å ta standpunkt til verkeområdet for mållova heilt uavhengig av den utgreiinga som no skjer i høve til lova om offentlig innsyn. Dette utvalsarbeidet skal etter planen avsluttast innan 1. juli 2002. Departementet vil difor arbeida vidare med denne saka og vil koma tilbake til spørsmålet i ei seinare generell kulturmelding.

I mellomtida rår departementet til at utskilde selskap og andre organ der det er rettsleg tvil, så langt råd er følgjer tilsvarande prinsipp for målbruken sin som dei som ligg til grunn for mållova. Viktigast i så måte er ei viss veksling mellom målformene i generelt informasjonstilfang og svar til privat-

personar og andre private rettssubjekt i same målforma som dei sjølve har nytta.

5.2 Språk og teknologi

Det at stadig meir av språkproduksjonen og den språklege kommunikasjonen blir teknologibasert, reiser mange nye språkpolitiske problemstillingar og tenderer òg til å utvida den språkpolitiske arenaen. Språkmeldinga frå 1997 peikte på at det trongst eit offensivt handlingsprogram der både juridiske, administrative, språkteknologiske og økonomiske verkemiddel vart tekne i bruk.

Det målet som vart skissert, var å kunna gi både nynorsk- og bokmålsbrukarane gode reiskapar til støtte for språkbehandling og å tilby relevante informasjonstenester o.l. på begge målformer. Det vart òg vist til eit framlegg i Kulturdepartementets handlingsplan for IT på kulturområdet frå 1997 om å skipa eit sekretariat for språkteknikk.

Departementet har vurdert det foreslåtte sekretariatet for språkteknikk som eit nødvendig steg på vegen for å koma vidare i arbeidet for norsk språk i informasjonssamfunnet. Sekretariatet kom i operativ funksjon sommaren 2000 og vart knytt til sekretariatet i Norsk språkråd. Det er førebels dimensjonert til to årsverk.

Det nye sekretariatet fekk gjennom Norsk språkråd i fyrste omgang i oppgåve å utarbeida ein handlingsplan for norsk språk og IKT. Eit utkast låg føre i januar 2001, og etter gjennomgang i ei interdepartemental referansegruppe vart den endelege planen presentert i juni 2001. Her er det formulert følgjande åtte mål:

1. Det språklege mangfaldet i Noreg, Norden og Europa elles skal tryggjast i informasjonssamfunnet.
2. I Noreg skal IKT-baserte produkt og tenester ha norskspråkleg brukargrensensnitt og vera tufta på kunnskapar om norsk tale og dei to skriftformene våre.
3. Alle med norsk som morsmål skal ha lik tilgang til slike norskspråklege produkt og tenester og til å skaffa seg den kompetansen som krevst for å ha nytte av tilbodet.
4. Mengda av norskspråkleg programvare må aukast, særleg programvare på nynorsk.
5. Føresegnene i opplæringslova om språklege parallellutgåver av elektroniske læremiddel må oppfyllast i praksis.
6. Norsk språkteknologi må tuftast på kunnskap om og forskning i norsk språk (bokmål, nynorsk og dialektar) og relevant teknologi.
7. Noreg skal vera aktiv deltakar i det nordiske og vidare europeiske samarbeidet innanfor språkteknologi.
8. Standardisert norsk IKT-terminologi må utviklast og stillast til rådvelde.

Både før og etter at planen vart lagd fram, har det vore arbeidd meir substansielt med særleg to hovudspørsmål. Det eine er korleis staten skal bruka marknadsmakta si til å syta for at dei vanlege dataprogramma skal vera å få både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon. Det andre er korleis ein skal gå fram for å få bygd opp ein såkalla språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra

og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytta til utvikling av språkteknologiske produkt på norsk.

Departementet vil i samarbeid med Norsk språkråd og andre relevante aktørar arbeida vidare med dei nemnde spørsmåla og koma tilbake til desse mellom anna i ei seinare generell kulturmelding.

5.3 Norsk språkråd

I kap. 1.2 er det vist til delar av lovgrunnlaget for Norsk språkråd og det aktuelle språkpolitiske grunnlagsarbeidet i rådet. I kap. 3 er det gjort greie for den innsatsen Norsk språkråd har gjort frå 1994 når det gjeld tilsynet med statleg målbruk, og ovanfor i kap. 5.2 er det vist til skipinga av eit sekretariat for norsk språkteknikk knytt til Norsk språkråd.

I språkmeldinga frå 1997 vart det i tillegg til å skipa ein slik spesialfunksjon teke til orde for å oppgradera Norsk språkråd til eit statleg instrument i eit langsiktig og effektivt språkvernarbeid. Det heitte at Norsk språkråd måtte bli eit meir utoverretta organ der informasjon og haldningsskapande arbeid stod sentralt. Det vart nemnt at dette ville krevja ein viss ressursauke, endra oppgåveprioritering og reorganisering av styringsorgana. Stortinget slutta seg til dette gjennom behandlinga av Innst. S. nr. 174 (1997-98).

I Norsk språkråd finst tre ulike styringsorgan, rådet sjølv, som har 38 medlemmer og møtest ein gong for året, ei fagnemnd med åtte medlemmer, som behandlar normeringsspørsmål og andre fagsaker, og endeleg eit styre på seks medlemmer. Både fagnemnd og styre møtest fire-fem gonger i året og deler seg i to like store seksjonar i visse saker, ein seksjon for kvar målform. Likeins er det ei todelt leiing av sekretariatet i form av ein kontorsjef for nynorsk og ein for bokmål.

Dei tankane og planane som vart drøfta i meldinga frå 1997, bygde på eit eige notat frå Norsk språkråd. Notatet vart seinare behandla på rådsmøtet i Språkrådet i februar 1998, og rådet slutta seg i all hovudsak til dei synspunkta som gjaldt framtidige arbeidsoppgåver og prioriteringar.

Spørsmålet om eventuelle omorganiseringar av rådsorgana og sekretariatet vart drøfta som eiga sak, men her vart det ikkje drege nokon konklusjon. Heller ikkje notatet gav klart svar i dette spørsmålet; det drøfta tvert imot alternative vegar å gå med tanke på tenkjelege justeringar. Justeringsalternativa omfatta både den todelte leiarstrukturen i sekretariatet, tilhøvet mellom sekretariatet og rådsorgana og sjølv strukturen med tre ulike rådsorgan og dei innbyrdes relasjonane dei imellom.

Etter drøftinga på rådsmøtet nedsette styret ei arbeidsgruppe med representantar frå sekretariatet og styret for å utgreia organisasjonsspørsmålet vidare. Rapporten frå gruppa vart behandla på rådsmøtet i 1999 og deretter send departementet saman med ein presentasjon av hovudsynspunkta frå diskusjonen.

Utgreiinga frå den interne arbeidsgruppa munna ut i eit framlegg i seks punkt. Hovudinnhaldet i punkta var:

- at næringsliv, offentlig forvaltning, reklamebransjen og andre etermedium enn NRK burde bli representerte i Norsk språkråd
- at medlemstalet likevel ikkje burde aukast noko særleg, utan at det vart foreslått kva for noverande instansar som eventuelt skulle utgå

- at rådet ikkje lenger skulle fatta normeringsvedtak i enkeltord, berre i prinsipielle spørsmål
- at seks av åtte fagnemndmedlemmer skulle oppnemnast direkte av universitet og høyskolar i staden for å bli valde av rådet blant alle medlemmene
- at leiarane for dei to seksjonane i fagnemnda skulle samarbeida nærmare med sekretariatet ved å ha jamlege møte med saksbehandlarane
- at leiinga av sekretariatet skulle leggjast til ei nyoppretta direktørstilling, medan dei to noverande leiarstillingane skulle omgjerast til reine fagstillingar, ei for nynorsk og ei for bokmål.

To av dei sju medlemmene i arbeidsgruppa gjekk imot det siste framlegget og ville i staden halda på ordninga med to likestilte kontorsjefar.

Med unntak av styrking og samling av leiarfunksjonen i ei ny direktørstilling er det etter departementet si vurdering ingen av dei andre framlegga som peikar ut ein klar veg framover.

Departementet vil difor arbeida vidare med å utgreia ei omlegging av Norsk språkråd i retning av eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk, med større vekt på rettleiing og informasjon og haldningsskapande arbeid. Dette må òg sjåast i samanheng med skipinga av ei statleg språkkonsulentteneste som foreslått i kap. 4 ovanfor og ideen om ein statleg språkkommisjon som er nemnt i kap 1.2. Departementet vil koma tilbake til saka i ei seinare generell kulturmelding.

Som ein del av arbeidet med å førebu ei slik omlegging vil likevel departementet raskt koma tilbake til Stortinget med framlegg om å oppheva føresegna i lov om Norsk språkråd om å støtta opp under utviklingstendensar som på sikt fører målformene nærmare saman. Dette vart også omtalt i meldinga frå 1997 ⁵⁾

, og lovparagrafen er ikkje lenger i samsvar med den faktiske normering-utviklinga dei siste tiåra. Å oppheva den sovande lovparagrafen vil likevel vera ei viktig symbolhandling. Det inneber ei endeleg stadfesting av at den såkalla tilnæringslinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk.

I meldinga frå 1997 vart det elles nemnt at Norsk språkråd arbeidde med å førebu ei opprydding i rettskrivinga både for bokmål og nynorsk. Eit framlegg til endringar vart vedteke på rådsmøtet i 2000, men departementet har sendt saka tilbake med ein del spørsmål som Norsk språkråd no er i ferd med å greia ut.

Dette inneber ikkje at departementet har underkjent det arbeidet Språkrådet har gjort, men at departementet har gitt Norsk språkråd høve til å utvida

⁵⁾ «Regjeringa har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk. Den tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentlig språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv.»

perspektivet for ei opprydding og forenkling av rettskrivinga utover det dei fastlagde tids- og prosedyrerammene i Språkrådet opphavleg tillét. Formålet er å leggja grunnlaget for ein meir stabil rettskrivingssituasjon, dvs. at det heretter ikkje skal gjerast endringar i rettskrivinga så ofte og i så pass stort omfang som det som har vore vanleg her i landet.

6 Administrative og økonomiske konsekvensar

Dei økonomiske konsekvensane avgrensar seg til skipinga av ei statleg språkkonsulentteneste, førebels kostnadsrekna til om lag 3 mill. kroner. Reint administrativt vil tenesta bli knytt til Norsk språkråd. Den nye språkkonsulentfunksjonen vil vera eit viktig element i det treårige satsingsprosjektet som det er gjort framlegg om. Dette prosjektet vil elles kunna gjennomførast innanfor etablerte organisatoriske og budsjettmessige rammer.

Målet med dei andre tiltaka som det er gjort framlegg om, er å få innarbeidd automatiske og løpande rutinar i statsorgana, noko som vil vera administrativt rasjonelt for kvart enkelt statsorgan og dessutan letta tilsynsarbeidet i Kulturdepartementet og i Norsk språkråd. Alt dette skal såleis kunna gjennomførast innanfor gjeldande økonomiske og administrative rammer.

Kulturdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Kulturdepartementet av 21. desember 2001 om målbruk i offentlig teneste blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Lov og forskrift om målbruk i offentlig teneste

Lov om målbruk i offentlig teneste

§ 1

Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Når privat rettssubjekt gjer vedtak eller gjev føresegn på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune, skal det i denne samanhengen reknast for slikt organ.

§ 2

For statstenesta gjeld dei nærmare reglane i §§ 3 til 11 om plikt til å nytte bokmål og nynorsk. Desse reglane gjeld likevel ikkje

- a) Stortinget, Riksrevisjonen, Stortingets ombudsmann for forvaltninga og andre organ for Stortinget,
- b) internt saksarbeid og munnleg målbruk.

I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda.

§ 3

Der særlege grunnar talar for det, kan Kongen gjere unnatak heilt eller delvis for visse organ eller verksemdar som fell inn under reglane i lova.

Kongen kan i tvilstilfelle avgjere om eit organ eller privat rettssubjekt går inn under reglane i lova.

§ 4

Tilsette i embete eller statstenestepost der skriftleg utforming er del av tenesta, pliktar å nytte bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruk i statstenesta.

Kongen kan i særlege tilfelle gjere unnatak frå reglane i denne paragrafen.

§ 5

Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarande vedtak kan fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde vedtak etter denne paragrafen til departementet, som syter for at vedtaka blir gjorde kjende i statstenesta.

§ 6

Statsorgan skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet. Dersom ein ikkje kjenner språkønsket til vedkommande, står statsorganet fritt i val av målform. Frå statsorgan kan private rettssubjekt

krevje ei viss målform i alle løyve, faste formularar o.l. som direkte gjeld dei sjølve.

Statsorgan skal nytte den vedtekne målforma i skriv til kommunar og fylkeskommunar som har gjort vedtak om målform etter § 5.

I skriv til språkleg nøytrale kommunar og fylkeskommunar står statsorgana fritt i val av målform. Kongen kan likevel gje føresegner om målform i slike tilfelle.

§ 7

Dersom statsorgan vender seg under eitt til fleire kommunar i eit avgrensa område, skal fleirtalsmålforma for kommunane nyttast. Ligg det ikkje føre noka fleirtalsmålform, står organet fritt i val av målform.

Fleirtalsmålforma er den målform som flest kommunar har kravt. Det er ikkje noka fleirtalsmålform dersom over halvparten av kommunane er språkleg nøytrale. Det same gjeld dersom like mange kommunar har kravt bokmål som nynorsk.

§ 8

Statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Dersom det einskilde organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer. Tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område, skal vere i fleirtalsmålforma for området.

Statsorgan som har eit geografisk avgrensa område som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, er i fleirtalsmålforma for området. I språkleg nøytrale område skal slikt tilfang veksle mellom målformene slik at det blir eit rimeleg samhøve mellom dei.

Tilfang med særleg tilknytning til ein kommune, skal vere i den målforma kommunen har kravt etter § 5.

Skjema skal liggje føre og vere tilgjengelege i begge målformer.

Kongen kan i særlege tilfelle gjere unntak frå reglane i denne paragrafen. Kongen avgjer tvilstilfelle etter paragrafen.

§ 9

Om nokon meiner at eit statsorgan ikkje følgjer lov eller føresegner om målbruk i saker som vedkjem dei sjølve, kan dei klage på dette til overordna organ. Språkorganisasjonar kan klage til overordna organ dersom dei meiner at statsorgan bryt lov eller føresegner om målbruk.

For slike klagesaker gjeld reglane i forvaltningslova kap. VI så langt dei høver.

§ 10

Kongen skal minst kvart fjerde år leggje fram for Stortinget ei melding om målbruk i offentlig teneste.

§ 11

Kongen gjev nærmare føresegner om skriftleg målbruk i statstenesta.

§ 12

Denne lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Frå same tid blir lov av 6. juni 1930 nr. 22 om målbruk i statstenesta oppheva.

Forskrift om målbruk i offentlig teneste**§ 1**

Kultur- og vitskapsdepartementet ⁶⁾

fører tilsyn med gjennomføringa av reglane om målbruk i offentlig teneste.

Kvart statsorgan har plikt til å syte for at reglane om målbruk i offentlig teneste blir følgde.

Kvart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk.

§ 2

For utanlandske statsborgarar gjeld plikta til å nytte begge målformer berre dersom dei har norsk vidaregåande utdanning med sidemålsopplæring eller universitets- eller høgskoleutdanning i norsk eller tilsvarende opplæring i norsk.

I særlege høve kan Kultur- og vitskapsdepartementet ⁷⁾

etter søknad frita einskilde tenestemenn eller nærmare fastsette grupper av tenestemenn frå plikta til å nytte begge målformer.

§ 3

Lokale statsorgan er statsorgan med tenestekrins som femner om ein kommune. Regionale statsorgan er statsorgan som femner om meir enn ein kommune, men likevel ikkje heile landet. Sentrale statsorgan er statsorgan med heile landet som tenestekrins.

I høve til reglane om målbruk skal statsorgan som førebur og gjer vedtak, og som utetter står fram som ei eining, reknast for eit eige statsorgan.

§ 4

Dersom det ikkje høver med den same namneforma på bokmål og nynorsk, skal namnet på eit statsorgan ha ei bokmålsform og ei nynorskform.

⁶⁾ No Kulturdepartementet, frå 1. januar 2002 Kultur- og kyrkjedepartementet.

⁷⁾ No Kulturdepartementet, frå 1. januar 2002 Kultur- og kyrkjedepartementet.

§ 5

Tenestemålet for eit lokalt statsorgan skal samsvare med målvedtaket i den kommunen som er tenestekrins for organet. Tenestemålet skal nyttast i skriv til alle statlege organ.

Tenestemålet for eit regionalt statsorgan skal samsvare med fleirtalsmålforma for kommunane i tenestekrinsen. Utrekning av fleirtalsmålforma skal følgje reglane i lov om målbruk i offentlig teneste § 7. I skriv frå det regionale statsorganet til lokale statsorgan skal tenestemålet til det lokale statsorganet nyttast. I skriv frå det regionale statsorganet til alle andre statsorgan skal tenestemålet til det regionale statsorganet nyttast.

Sentrale statsorgan er språkleg nøytrale. Eit sentralt statsorgan som skriv til eit anna språkleg nøytralt organ, står fritt i val av målform. I skriv til eit regionalt statsorgan skal tenestemålet til det regionale statsorganet nyttast. I skriv til det lokale statsorgan skal tenestemålet til det lokale statsorganet nyttast.

§ 6

For tilfang etter § 8 første ledd i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.

Målvedtaka i kommunane skal som hovudregel leggjast til grunn ved spreining av parallellutgåver av alle slag tilfang som høyrer inn under § 8 første ledd.

Regionale statsorgan med tenestemål kan veksle mellom målformene i tilfang med særleg tilknytning til ein eller fleire nøytrale kommunar i tenestekrinsen. I tilfang med særleg tilknytning til fleire kommunar som har gjort vedtak om same målform, kan denne målforma nyttast sjølv om ho ikkje samsvarer med tenestemålet til det regionale statsorganet. I andre saker kan departementet i særlege tilfelle gjere unntak etter § 8 femte ledd.

§ 7

Når eksamensoppgåver i andre fag enn norsk blir gitt på norsk mål, skal kvar kandidat få oppgåveteksten på bokmål eller nynorsk etter ønske. Dette gjeld for slutteksamenar, medrekna deleksamenar som høyrer med i ein større eksamen. Lærestaden kan be om bindande val av målform for oppgåveteksten ved oppmelding til eksamen.

Når særlege grunnar talar for det, kan lærestaden gjere heilt eller delvis unntak frå denne regelen. Studentar som dette vedkjem, kan klage på slikt vedtak til departementet.

Departementet kan gi nærmare reglar til denne paragrafen.

§ 8

Vedtak i kommunestyre eller fylkesting etter § 5, første leddet, i lov om målbruk i offentlig teneste skal meldast til Kultur- og vitskapsdepartementet ⁸⁾

⁸⁾ No Kulturdepartementet, frå 1. januar 2002 Kultur- og kyrkjedepartementet.

. Ajourførte lister over slike målvedtak blir tekne inn i Norsk Lovtidend og Norsk lysingsblad to gonger for året. Nye målvedtak får ikkje rettslege verknader for statsorgan før dei er kunngjorde på denne måten.

Kultur- og vitskapsdepartementet ⁹⁾

kan fastsetje nærmare reglar om kunngjeringsmåten.

⁹⁾ No Kulturdepartementet, frå 1. januar 2002 Kultur- og kyrkjedepartementet.

Vedlegg 2

Målbruksstatistikk

Tabell 2.1: Nynorsk rekna etter sidetal i stortingsdokument frå dei ulike departementa i fireårsperioden 1997-2000

	Samla sidetal 1997-2000	Nynorskprosent 1997-2000
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	2019	8,2
Barne- og familiedepartementet	1754	5,9
Finansdepartementet	7897	8,4
Fiskeridepartementet	1195	21,2
Forsvarsdepartementet	1146	7,4
Justisdepartementet	4811	3,5
Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet	2909	48,2
Kommunal- og regionaldepartementet	3519	20,5
Kulturdepartementet	1382	23,4
Landbruksdepartementet	1545	49,7
Miljøverndepartementet	1910	19
Nærings- og handelsdepartementet	2262	3,1
Olje- og energidepartementet	2144	1,8
Samferdselsdepartementet	2138	12,2
Sosial- og helsedepartementet	5922	10,9
Utanriksdepartementet	4293	16,2
Statsministerens kontor	5	0
Sum	46 851	14,4

Tabell 2.2: Målbruk i stortingsdokument 1997-2000 - Nynorskprosent etter talet på dokument

	1997	1998	1999	2000
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	19	40	17	26
Barne- og familiedepartementet	12	20	24	12
Finansdepartementet	26	9	21	15
Fiskeridepartementet	65	18	16	18
Forsvarsdepartementet	20	18	44	22
Justisdepartementet	3	13	17	13
Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet	53	50	40	45
Kommunal- og regionaldepartementet	35	17	35	22
Kulturdepartementet	33	13	21	50
Landbruksdepartementet	20	18	14	50
Miljøverndepartementet	17	50	11	7

Tabell 2.2: Målbruk i stortingsdokument 1997-2000 - Nynorskprosent etter talet på dokument

Nærings- og handelsdepartementet	8	13	27	17
Olje- og energidepartementet	0	0	0	33
Samferdselsdepartementet	44	28	14	30
Sosial- og helsedepartementet	3	15	24	18
Utanriksdepartementet	54	25	34	17
Statsministerens kontor	0	-		35
I gjennomsnitt	25,6	19,7	23,4	22,2

Tabell 2.3: Nynorskprosent rekna etter talet på ulike typar skriv under 10 sider frå departementa 1997-2000 (Gjeld summen av pressemeldingar, rundskriv, stillingsannonsar, kunngjeringar og eventuelt anna informasjonstilfang unnateke lover og forskrifter og stortingsdokument)

	1997	1998	1999	2000
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	16	26	18	16
Barne- og familiedepartementet	17	37	18	41
Finansdepartementet	48	44	36	26
Fiskeridepartementet	9	31	20	21
Forsvarsdepartementet	3	2	10	9
Justisdepartementet	8	10	8	32
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	47	35	25	21
Kommunal- og regionaldepartementet	32	28	36	32
Kulturdepartementet	26	37	32	28
Landbruksdepartementet	31	36	18	31
Miljøverndepartementet	14	42	38	28
Nærings- og handelsdepartementet	16	15	16	13
Olje- og energidepartementet	39	13	15	38
Samferdselsdepartementet	17	15	21	20
Sosial- og helsedepartementet	15	27	30	24
Utanriksdepartementet	26	14	16	67
Statsministerens kontor	14	11	12	6
I gjennomsnitt	23	25	22	25

Tabell 2.4: Nynorskprosent rekna etter samla sidetal i skriv over 10 sider frå departementa 1997-2000 (Gjeld summen av pressemeldingar, rundskriv, stillingsannonsar, kunngjeringar og eventuelt anna informasjonstilfang, unnateke lover, forskrifter, og stortingsdokument.

	1997	1998	1999	2000
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	35	12	8	53
Barne- og familiedepartementet	0	11	19	24
Finansdepartementet	28	6	15	6
Fiskeridepartementet	-	-	12	29
Forsvarsdepartementet	0	-	0	0
Justisdepartementet	11	2	1	4

Tabell 2.4: Nynorskprosent rekna etter samla sidetal i skriv over 10 sider frå departementa 1997-2000 (Gjeld summen av pressemeldingar, rundskriv, stillingsannonsar, kunngjeringar og eventuelt anna informasjonstilfang, unnateke lover, forskrifter, og stortingsdokument.

Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet	20	11	8	18
Kommunal- og regionaldepartementet	19	8	11	22
Kulturdepartementet	39	13	5	2
Landbruksdepartementet	0	1	0	11
Miljøverndepartementet	2	42	30	8
Nærings- og handelsdepartementet	0	5	0	0
Olje- og energidepartementet	0	0	0	0
Samferdselsdepartementet	0	0	0	0
Sosial- og helsedepartementet	12	6	7	20
Utanriksdepartementet	0	4	8	0
Statsministerens kontor	-	65	80	12
I gjennomsnitt	14	12	10	13

Tabell 2.5: Nynorskprosent i lover rekna etter talet på nye lover i perioden 1997 - 2000


År	Talet på nye lover	Nye lover på nynorsk	Prosent nynorsklover
1997	20	3	15,0
1998	13	2	15,4
1999	26	3	11,5
2000	19	4	21,1
Sum 1997-2000	78	12	15,4

Kilde: Kjelde: Norges Lover 1685-1999 og Lovdata

Tabell 2.6: Det totale talet på organ som har fått tilsendt rapport skjema frå Norsk språkråd kvart år frå 1994 til 2000, og kor mange som har levert rapport svar av ein slik kvalitet at det kunne tabellførast


År	Totaltalet på organ	Talet på organ som svara
1994	220	101
1995	218	146
1996	210	146
1997	197	113
1998	222	104
1999	217	136
2000	223	144

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd



Figur 2.1 Tal på statsorgan under departementsnivået med 25 pst. nynorsk eller meir i tida 1994-2000

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd



Figur 2.2 Gjennomsnittleg prosent nynorsk i tilfang laga av statsorgan under departementsnivå i perioden 1997-2000

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd

Tabell 2.7: Nynorskprosent i ein del direktorat og større statsorgan 1997-2000. Der tal manglar, er det ikkje levert rapport som kunne tabellførast.

		1997				1998				1999				2000			
		1-10 sider		Over 10 sider		1-10 sider		Over 10 sider		1-10 sider		Over 10 sider		1-10 sider		Over 10 sider	
Statsorgan	Dept.	Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%
Arbeidsdirektoratet (Aetat)	AAD									388	7	1352	11				
Konkurransetilsynet	AAD					66	0	276	0	51	16	94	9	39	8	107	0
Statens informasjonsteneste	AAD	30	35	386	1	19	42	1162	5					14	32	335	3
Statens pensjonskasse	AAD	48	10	102	16	41	2	115	3	43	19	166	28	313	37	16	19
Statsbygg	AAD	575	0	616	1	88	1	491	6	34	0	492	5	3	0		
Statskonsult	AAD	190	9	3089	5	253	5	1851	0	214	26	0		203	21		
Forbrukarrådet	BFD	127	13	3097	1									71	30	952	3
Fiskeridirektoratet	FID	53	32	882	11	286	12	543	8	132	34	647	11	168	44	958	12
Kystdirektoratet	FID	54	0	488	0	172	4	106	0	171	2	36	0	55	30	238	7
Skattedirektoratet	FIN													183	10	601	0
Statistisk sentralbyrå	FIN	255	10	19278	11	251	22	17821	13	843	13	17164	17	929	32	16605	9
Toll- og avgiftsdirektoratet	FIN	42	17	1566	0	436	1	1019	0	496	14	746	3	399	13	221	2
Direktoratet for sivil beredskap	JD	618	4	144	14					73	21	80	0	24	21	94	5
Arbeidstilsynet	KRD	9	22	232	1	31	19	288	2	30	28	168	8	28	34	244	16
Direktoratet for brann- og ekspl.vern	KRD					45	7	78	0	56	7	165	0	33	21	135	0
Husbanken	KRD	27	15	115	35	70	18	281	0	65	16	717	11	34	38	383	23
Produkt- og elektrisitetstilsynet	KRD	15	13	111	5	25	18	217	24	31	24	193	1	41	24	106	43
Utlendingsdirektoratet	KRD	109	10	45	0	104	6	329	0	125	15	528	2	127	44	397	0

Tabell 2.7: Nynorskprosent i ein del direktorat og større statsorgan 1997-2000. Der tal manglar, er det ikkje levert rapport som kunne tabellførast.

Riksarkivet	KD	279	46	437	13	21	29	1027	7	15	23	83	28	9	22	140	24
Statens landbrukstilsyn	LD	54	14	16	0	80	3	83	0	55	17	0		30	13	68	29
Statens næringsmiddeltilsyn	LD	43	0	1263	0	21	0	425	0	242	2	1355	0	537	37	473	10
Direktoratet for naturforvaltning	MD	72	25	2081	9	52	12	955	1	48	25	2179	0	28	21		
Riksantikvaren	MD	127	9	148	0	43	5	35	0	70	1	466	0	42	7	192	0
Statens forureiningstilsyn	MD					90	21	0		71	27	0		71	15	1400	0
Statens kartverk	MD									65	17	85	0				
Bergvesenet	NHD	8	25							3	0	0					
Justervesenet	NHD	14	18	71	0	15	27	12	0	19	32	12	17	18	33	57	84
Noregs geologiske undersøking 1	NHD																
Noregs vassdrags- og energidirektorat	OED	712	14	702	4	3125	16	2241	2	366	36	2100	6				
Oljedirektoratet	OED	144	33	295	0	119	61	295	11	102	63	398	15	69	62	339	12
Patentstyret	NHD					47	0	72	0	38	0	0		24	0	28	0
Sjøfartsdirektoratet	NHD																
Jernbaneverket	SD					0		0		168	1	379	4	193	0	800	0
Luftfartstilsynet ²	SD													90	18	0	
Luftfartsverket	SD	301	18	46	100	308	18	0		134	38	0		169	9	0	
Post- og teletilsynet	SD	19	5	158	0	107	23	78	0	29	38	96	0	30	0	202	6
Statens jernbanetilsyn ³	SD									3	0	0		10	0	21	0
Vegdirektoratet	SD	174	6	675	13	185	3	1186	3	427	23	3347	3				
Rikstrygdeverket	SHD	43	0	4025	6	121	1	4070	4	118	8	1613	9	6	17	1408	10
Rusmiddeldirektoratet	SHD									37	14	1770	1				

Tabell 2.7: Nynorskprosent i ein del direktorat og større statsorgan 1997-2000. Der tal manglar, er det ikkje levert rapport som kunne tabellførast.

Statens helsetilsyn	SHD	127	7			146	21	0		113	24	494	0	107	15	774	0
Statens helseundersøkingar	SHD	24	29	496	41	60	20	47	0	33	24	168	63	24	13	107	45
Statens inst. for folkehelse	SHD													78	3	0	
Statens lækjemiddelkontroll	SHD	32	0	268	2	80	6	440	2	38	12	73	1	41	10	975	1
Statens strålevern	SHD	25	10	264	0	29	14	390	5	30	3	9	0	44	0	14	7
NORAD	UD													51	0	540	0

¹ Har levert ein noko ufullstendig rapport i 1999.

² Har berre eksistert sidan 1. januar 2000.

³ Har ikkje fått tilsendt rapportskjema før frå 1999.

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd

Tabell 2.8: Nynorskprosent ved universiteta 1997-2000. Der tal manglar, er det ikkje levert rapport som kunne tabellførast.

Universitet	1997		1998		1999		2000	
	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.
NTNU	9	9	11	5			7	13
Universitetet i Bergen	72	32	87	29	83	27	38	33
Universitetet i Oslo					8	10		
Universitetet i Tromsø	4	15	12	16	32	16	8	12

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd

Tabell 2.9: : Nynorskprosent ved dei statlege høgskolane 1997-2000. Der tal manglar, er det ikkje levert rapport som kunne tabellførast.

	1997		1998		1999		2000	
	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.	1-10 s.	Over 10 s.
Høgskole	%	%	%	%	%	%	%	%
Høgskolen i Agder					31	6	21	6
Høgskolen i Akershus					0	0	0	0
Høgskolen i Bergen	0	9	17	21	38	9	16	0
Høgskolen i Bodø					14	3	12	27
Høgskolen i Buskerud	14	0	13				0	3
Høgskolen i Finnmark	0	0					0	18
Høgskolen i Gjøvik								
Høgskolen i Harstad	0						33	
Høgskolen i Hedmark	13	0	1	0	4		1	0
Høgskolen i Lillehammer	0	1					8	35
Høgskolen i Molde	17	0			9	6		
Høgskolen i Nord-Trøndelag	57				10			
Høgskolen i Narvik	0		0		0		0	0
Høgskolen i Nesna	28	19	27	18	37	31	56	27
Høgskolen i Oslo	11	14	24	15			18	7
Høgskolen i Sogn og Fjordane					87	100		
Høgskolen i Stavanger			25	8	20	10	19	63
Høgskolen i Sør-Trøndelag	4	0			27	12	21	6
Høgskolen i Telemark	30	41	40	31	37	39	21	25
Høgskolen i Tromsø	1	30			2	8	5	5
Høgskolen i Vestfold	10	0	9		1	0	6	0
Høgskolen i Volda	97	99	89	98	90	99	64	88
Høgskolen i Østfold	0	0			0		7	1
Høgskolen Stord/Haugesund	52	56	45	44	52	38	71	29
Høgskolen i Ålesund							11	1
Sum	57	26	35	33	42	22	24	19

Kilde: Kjelde: Norsk språkråd